

Snorgaffel

– den glømte reiskapen

Skal tru kor mange snorgaflar som ligg rundt omkring i heimar i Nord-Østerdalen, eller som er kasta fordi ein ikkje visste kva dei var til?

I Folldal har vi funne to snorgaflar og vi veit at det finst ein på Dølmotunet på Tolga. Av ei gamal dame i Folldal lærte eg i si tid teknikken med å laga snor på snorgaffel. Det var ein enkel og grei teknikk som det blir fine snorer av, så teknikken fortener å bli teken oppatt. Det blir ei fast, firkanta snor som tidlegare m.a. vart bruka som kanting, pynt, snøreband og skonning nederst på stakkar. Stakken på Ålborgdrakta frå Tynset frå 1834 som vart gitt som gave til Norsk Folkemuseum i 1906, har snor laga på snorgaffel nedst som skonning (slitekant, soplist, sparkekant).

Kort historikk

Det er ingen som heilt kjenner til kor lenge det er laga snor med snorgaffel. Det ein veit, er at det var ein kjent teknikk i 1664 da Leonora Kristina, dotter til Kristian IV, sat som fange i Blåtårn i Danmark. Dei hadde teke frå ho alt og ho var redd ho skulle bli galen av å ikkje ha noko å gjera. Ho laga seg da snorgaffel av eit skeiskaft. Frå nedst på nattrøya si tok ho silketråd til å laga snor av. Ho skreiv om dette i boka "Jammers Minde".

Det er grunn til å tru at teknikken er mykje eldre enn frå 1600-talet. Og lenge før dei hadde snorgaffel, brukte dei rett og slett fingrane!

Bruk av snorer i dag

I tillegg til å bli bruka som tidlegare til skonning m.m., kan desse snorene brukast til brilleband, skolisser, pynt på jeans, nykjelringar og er populære som vennskapsband.

Her er oppskrifta:

1. Lag ei løkke på tråden og tre den over høgretein på snorgaffelen.





2. Sleng garnet rundt venstre tein, og så over høgre tein for å stramme.



3. Løft løkka på høgre tein over tråden med ein strikkepinne eller lignende. Stram så med trådenden som går gjennom holet i snorgaffelen.



4. Legge garnet over venstre tein (og legg den samtidig rundt høgre tein for å få å stramme), løft løkka på venstre tein over garnet. Stram til med trådenden. Er det vanskeleg å stramme, kan du dra i tråden, litt att og fram.



5. Fortsett! Sleng tråden rundt høgre tein, løft løkka over, og stram. Legg tråden over venstre tein, stram den samtidig rundt høgre tein, og løft så løkka over. Stram til. Fortsett vidare.

Dersom det ikkje går så bra, så legg turen innom på Nordøsterdalsmuseet Museumssentret Ramsmoen og spør etter Helga Reidun!

Litteratur

Heftet Snorgaffel.
Museumshåndverkerne,
Norsk Folkemuseum

Kirstine Prestmoen Tallerås
2584 Dalholen
kirstine.p.talleras@hotmail.com